

# HYPERBARMEDISIN

VELKOMMEN TIL BEHANDLING



## HYPERBAR OKSYGENBEHANDLING (HBO)

Ved Seksjon for hyperbarmedisin behandlar vi pasientar med ulike sjukdomstilstander med 100 % oksygen under auka omgjevnadstrykk i eit trykkammer.

Kombinasjonen av høg konsentrasjon av oksygen og høgt omgjevnads-trykk gjer at store mengder oksygen blir teken opp i blodbana og transportert til heile kroppen. Effekt av behandlinga kjem frå kroppens indre gjennom blodet, og ikkje utanfrå i gjennom huda.

## ELEKTIV (PLANLAGD) HBO BEHANDLING

Den auka oksygenmengda som vert tilført til vevet i kroppen stimulerer til danning av nye blodkar i oksygenfattig vev, og hjelper dei kvite blodlekamane med å drepa bakteriar.

Følgjande tilstander kan difor ha effekt av denne behandlinga:

- Stråleskadd bein/ tarm/ blære.
- Knokkelinfeksjonar.
- Nokre typar sår.

Sidan nydanning av blodkar tek tid, vil ein ikkje kunne forvente full effekt av behandlinga før 6 – 8 veker etter at behandlinga er avslutta.

## KORLEIS FØREGÅR BEHANDLINGA?

- HBO behandlinga vert gitt som ein seriebehandling 5 dagar pr. veke, måndag - fredag.
- Kvar behandling tek om lag 2 timar.
- Lengda på behandlinga varierer frå 2, 4 til 6 veker.
- Tilstanden ein vert behandla for avgjer behandlingens lengda.

### Første dag

Oppmøtedagen startar med eit informasjonsmøte med påfølgjande time hjå lege. Seinare same dag vil ein starte HBO behandlinga.



### Trykkammeret har acrylglasvegg

Du kan sjå ut og kommunisere med sjukepleiaren som overvaker deg. Du kan sjå film eller fjernsyn under behandlinga. Du kan ha med deg egne CD/ DVD-plater eller låne her hjå oss.

### Sjå vår informasjonsfilm

På våre nettsider finn du ein film om HBO behandling:  
[www.helse-bergen.no/avd/hyperbarmedisin](http://www.helse-bergen.no/avd/hyperbarmedisin).

## KVEN SKAL IKKJE HA HBO?

Ved graviditet/ mistanke om graviditet • svært alvorleg hjertesvikt  
• etter nyleg gjennomgått lungebetennelse • kronisk lungesjukdom  
• kunstige øyrekklar • brukarar av Antabus • ved aktiv kreftsjukdom.

## VANLEGE BIVERKNADER

- Vanskar med å utlikne trykket til øyrene.
- Trøytteleik.
- Endringar i synet. Desse går vanlegvis tilbake i løpet av tre månader.

## Sjeldne biverknader

*Tannfylling.* Om ein har ei luftlomme under ei tannfylling, kan denne dette ut. Ein kan då få ei midlertidig tannfylling.

*Klaustrofobi.* Nokon kan føla ubehag ved å være innelukka i trykkammeret. Dei fleste greier å gjennomføra behandlinga med ei lita dose roande medisin.

*Krampar.* Svært sjeldan reagerer nokre pasientar på høg dose oksygen med eit krampeanfalle. Krampane er ufarlege og er av forbi-gåande karakter. Undervegs i behandlinga minimerer vi risikoen for krampar ved å veksle mellom oksygen og luft, såkalla luftpustepause.

*Forkjøling.* Det kan vere vanskeleg å utlikne trykket til øyrene ved forkjøling, men dette går som oftast greitt om ein brukar nasedropar frå morgonen av.

## SPESIELLE FORHOLDSREGLAR

### Blodsukker

Det er viktig at du har spist før behandlinga tek til, slik at ikkje blodsukkeret er lavt. Dette er spesielt viktig for pasientar med diabetes som brukar insulin.

### Røyking

Føremålet med behandlinga er å betra blodgjennomstrøyminga i områder med nedsett oksygenforsyning. Røyking vil aktivt motverka effekten av HBO. Det er derfor svært viktig at du ikkje røykjer i dei vekene HBO behandlinga varer. Du må slutte å røykje 3 veker før du kjem til behandling. Snakk eventuelt med lege om dette.

### Helsetilstand

Ved endringar i helsetilstanden i ventetida ta kontakt med Seksjon for hyperbarmedisin.

## SIKKERHEIT

Det er auka brannfare i eit lukka kammer der ein tilfører oksygen. Difor er det strenge reglar for kva du kan ha på deg og ta med deg til trykkammeranlegget.

- Det er absolutt forbode å ta med seg fyrstikker, lighter eller liknande til trykkammeranlegget. Om slikt blir teken med medfører det at behandlingsserien blir avslutta.
- Ved behandling i kammeret byter alle pasientar om til bomullsklede. Bomullstruser og eventuelt briller har du med deg sjølve, anna utstyr får du utdelt.
- Det er ikkje lov til å ha på seg leppestift, fuktigheitskrem, deodorant, sminke, parfyme, etterbarberingsvatn, neglelakk, kunstige negler, hårstylingsprodukt, ringer, smykke, klokke, harde kontaktlinser og høyreapparat.

For å unngå at ein kjem i skade for å ta med seg noko inn i kammeret som kan medføre risiko, blir du kvar dag sjekka av sjukepleiar i kammeranlegget.

## POLIKLINISK BEHANDLING

Du blir ikkje innlagt på sjukehuset i behandlingsperioden. Hjå oss er alle polikliniske pasientar. Dei som bur i nærområdet bur heime. Sidan du er poliklinisk pasient må du ta med deg reseptar, medisinar, bandasjematerial, ernæringsløysningar og alle hjelpemidlar som du bruker. Du må betala eigenandel for kvar behandling.

### Tilreisande

Tilreisande bur på Haukeland hotell (pasienthotellet), som ligg på sjukehusområdet. Sjå eige skriv for fleire praktiske opplysningar.

## HER ER VI

Utsnitt fra kart over Haukeland universitetssjukehus.



### Seksjon for hyperbarmedisin

Yrkesmedinsk avdeling

Konrad Birkhaugshus (nr. 37 på kartet)

Haukeland universitetssjukehus

## NOTAT






### **KONTAKT OSS**

Seksjon for hyperbarmedisin  
Yrkesmedisinsk avdeling

### **Stad**

Konrad Birkhaugshus  
Haukeland universitetssjukehus  
Telefon 55 97 39 74

Nr. 202 4203 HUS 2013

**[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)**

Haukeland universitetssjukehus  
Telefon: 05300